

KAMBO ENERGI AS  
Kambsvegen 60  
5590 ETNE

**Vår dato:** 10.01.2024

**Vår ref.:** 200703718-51 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:**

## **Vedtak om utsett byggjefrist for Høyland minikraftverk i Etne kommune**

Vi viser til e-post frå Kambo energi datert 21.08.2020 om utsett byggjefrist for Høyland minikraftverk i Etne kommune.

### **Bakgrunn**

NVE ga konsesjon til Høyland minikraftverk i vedtak den 27.10.2015. Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 anna ledd og vassdragsreguleringsloven § 15 at konsesjonen fell bort dersom byggjearbeida ikkje er satt i gang innan ein frist på fem år frå konsesjonen er gitt. NVE kan forlenge fristen med inntil fem nye år.

Kraftverket er planlagt i Høylandselva, med inntak ved kote 340 og kraftstasjon ved kote 95 (Figur 1). Vassvegen vil verte nedgraven på heile den om lag 740 meter lange strekningen. Kraftverket skal knytast til eksisterande nett med jordkabel.

Høylandselva er del av det varig verna Etnevassdraget, som òg er eit nasjonalt laksevassdrag. NVE meinte i den opphavlege konsesjonen at tiltaket ville gi relativt små og akseptable ulemper for naturmiljøet og andre allmenne interesser, forutsett flytting av kraftstasjon og ei avgrensa utnytting av vassressursen, samt terrengtilpassing. Det var ikkje bekrefta førekomst av ål i Høylandselva på konsesjonstidspunktet, men inntaket er planlagt med Coanda-inntak for å sikre nedvandring av eventuell ål og anna fisk.

NVE har fastsett ei minstevassføring på 20 l/s heile året. Vidare er det sett vilkår om at maksimalt 50 % av tilsiget kan nyttast til kraftproduksjon.

Kraftverket vil med dei fastsette vilkåra produsere omlag 3,6 GW/år.



Figur 1. Konsesjonsgitt plassering av Høyland minikraftverk med vannvei og inntak nedstrøms Høylandstoska.

## Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Kambo energi:

*NVE gav 27.10.2015 konsesjon til bygging av Høyland minikraftverk til Kambo Energi AS Deres ref.: 200703718-30. Konsesjonen vart påklaga og klagen vart seinare avslegen av OED. Det tok 10 år å behandle denne saka, frå 2007 til endeleg avslag på klagen ein gong i 2017. Pga av usemje om fallrettar to det 2 rettsrundar der me vann fram begge gonger. Dette har tatt tid. Me har difor ikkje kunna nytta oss av konsesjonen, og det pågår også noko kommunalt frådelingsarbeide som ikkje er ferdig. Me søker difor om forlenging av konsesjonen.*

Søknaden om forlenga byggjefrist vart sendt NVE innan den opphavlege fristens utløp.

NVE ba i brev den 08.04.2022 om ei ny kartlegging av biologisk mangfald i influensområdet etter metodikken i siste oppdaterte rettleiar. Eksisterande kunnskapsgrunnlag var ikkje lenger tilstrekkeleg for å kunna vurdera søknaden. Kambo Energi sendte over ein ny fagrapport for naturmangfald 08.02.2023. Samla konsekvens av tiltaket for naturmangfald vart vurdert til noko negativt, der moglege konsekvensar for ål var utslagsgjevande.

## Høyring

Søknaden om utsett byggjefrist ble send på avgrensa høyring til Etne kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Høyringsfråsegna har vært førelågt søkjaren for kommentarar. NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden om forlenga byggjefrist:



**Etne kommune** oppgjev i telefon til NVE den 15.11.2023 at de ikkje ønskjer å uttale seg om saka.

**Statsforvaltaren i Vestland** seier følgjande i brev til NVE den 08.11.2023:

*Dersom det blir gitt forlenga byggjefrist for Høyland minikraftverk, bør det stillast oppdaterte krav om avbøtande tiltak for å ivareta ål og fossefall. Ut over det har vi ikkje avgjerande merknader til søknadsgrunnlaget.*

**Vestland fylkeskommune** siger følgjande i brev til NVE den 10.11.2023:

*Me ser ingen konsekvensar for kulturminneinteresser. Etne kommune har kartlagt friluftslivsområde, men det er usikkert kor mykje kraftutbygginga vil påverka friluftslivet. Me ber NVE vurdere dette. Fylkeskommunen viser ellast til Statsforvaltaren si fråsegn.*

**Grethe Tesdal** sende inn eit tilsvar til søknad om forlengd konsesjon den 11.01.2022, altså før den offisielle høyringa. Tesdal skreiv i brevet at det før ei eventuell forlenging av konsesjonen ville vore høgst naudsynt med ei ny konsekvensutgreiing av biologisk mangfald. Tesdal påpeika behov for oppvandringsløyising for ål og anna fisk, og dessutan vasspegel oppstraums og nedstraums det planlagde Coanda-inntaket for sikker nedvandring. Tesdal beskreiv vidare fugle- og dyrelivet i området. Særleg relevant for vurderinga er påstandar om fleire par hekkande fossefall i elva, og dessutan (stor-)salamander i nedre del av vatnet Tosko.

Tesdal senda også inn merknadar til søknad om forlengd byggjefrist den 10.11.23. Ho opplyser om at det same brevet vart sendt til Statsforvaltaren og fylkeskommunen. I brevet kjem Tesdal med følgjande merknadar:

- Naturbeitemarka (sårbar) som vart registrert i 2017 er utelata etter synfaring i 2021 grunna gjødsling. Området er ikkje gjødsla verken før eller etter 2017, ifølgje Tesdal.
- Det har kome ny raudlista for naturtypar og artar sidan konsesjon vart gitt i 2015. Tesdal nemne mellom anna ei «elvevifte» (nær trua) i midtre del av den råka strekninga. Ho hevdar også at raudlista moseartar kan vere oversett sidan det berre vart utført ein dags synfaring av ein person i eit relativt stort område.
- Ingen av bileta i figur 4.4 i naturmangfaldsrapporten er i følgje Tesdal tekne i nærleiken av elva.
- Det er av fleire i alle år sett (stor-)salamander (nær trua) i utløpet av tjernet som Høylandselva kjem frå, i følgje Tesdal. Førekomstar i og rundt tiltaksområdet vil vere sårbare for utbygginga, særleg i byggjefasen. Tesdal etterspør miljø-DNA.
- Tesdal samanfattar dei nye momenta for ål sidan 2015 slik: (1) arten har gått frå sårbar til sterkt trua på raudlista, (2) bestanden av ål i Etnevassdraget er stor og må takast vara på, og (3) ålen går opp Høylandselva heilt opp til Høylandstoska.
- Høylandselva er gyteelv for sjøaure og stasjonar aure.
- Tesdal etterspør miljø-DNA av vassmassar i Høylandselva for å stadfesta førekomst av elvemusling i elva som kan skadast av t.d. stopp i vassutslepp og tørrlegging.



- Tesdal stillar spørsmålsteikn ved nytta av eit kraftverk med såpass liten produksjon set opp mot naturkonsekvensane. Ho påpeikar at naturmangfald skal vektleggast i større grad nå enn då grunna FN's naturavtale.

**Kambo energi** kommenterte dei innkomne fråsegna i brev til NVE den 11.12.2023.

Kambo Energi sin kommentar til Statsforvaltar er gitt att i sin heilskap under:

*Me takkar for uttale og tek uttalen til etterretning, og meiner at planlagt tiltak allereie er tilpassa ål. Me vil også gjerne følgje rådet frå Statsforvaltar med å byggje rugeplass for Fossefall i utlaupskanal, som me veit er eit enkelt tiltak som fungerer godt.*

*Statsforvaltar har motteke eit lokalt innspel: Me er usikker på om me skal kommentere dette sidan det er ei avgrensa høyring. Ettersom Statsforvaltar omtalar dette synes me det er på sin plass at me kommenterar denne uttalen litt pga saka si kompleksitet: Grethe Tesdal som står bak det lokale «tipset» har vore aktiv i over 20 år for å vanskeleggjer prosjektet. Årsaka til at ikkje kraftverket er bygd etter avvist anke til OED er at me har vore gjennom 3 rettsprosessar der ho har vore sentral. Ho hadde også innspel om bl.anna ål til konsesjonsprosessen som er gjengitt i bakgrunn for vedtak. Det er kjent at det er ål i vassdraget rundt Sørrelva og eit stykke opp i den flate delen av Høylandselva. Det står også i uttalen frå Statsforvaltar at ein åleforskar frå Havforskningsinstituttet støttar at Høylandselva representerer eit viktig leveområde for arten. Me har vore i kontakt med dei og det er kjent at det er ål i nedre del av Høylandselva i anadrom strekning, men at det skulle være ål i Høylandstoska 350 m.o.h er ikkje kjent frå dei og er ein udokumentert påstand. Det er kjent at 95% av ålebestanden i Norge held seg under 350 m.o.h. Ettersom det likevel er 5% teoretisk mogeleg at det ein eller annan gang skulle komme ein og annan ål opp i Høylandsvatnet, er ikkje forseringa av Coandainntaket noko problem samanlikna med dei 240 høgdemetrane på eit strekke på 800 lengdemeter åleyngelen må åle seg opp elva, delvis i vatn og delvis på sida av elva på berg. Coandainntaket ( H= 1,2m ) vert plassert inntil fjell og åleyngel kan passere på sida av. Me veit at åleyngel klatrar rett opp fuktig betongvegg, dette har me observert i Vaka elva. Nedvandring: Kjønnsmoden ål kan veldig enkelt fint passere nedover coandainntaket på ei evt utvandring etter 2 endt opphald. Ålen vil ikkje merke at det er eit inntak her på ei evt utvandring, då spalteavstanden er på 1,2mm. Me meiner difor at det ikkje er noko nytt i forhold til Ål. At det skulle eksistere Storsalamander i Høylandstoska er også ukjent for Statsforvaltar, Artskart og miljøkartlegginga, men som statsforvaltar skriv er det uansett ikkje grunn til å vente at ei utbygging vil påverke eventuell forekomst. Me undrast over påstanden om Storsalamander i Høylandstoska som er overbefolka av fisk.*

*Det er også kjent at det er gjort funn av elvemusling i Sørrelva. Det er udokumentert at det er gjort funn av elvemusing i Høylandselva. Uansett vil dette gjelde anadrom strekning nedstraums kraftstasjon og kraftverket utgjør ingen risiko for arten, spes med tanke på slipp av meir enn 50% av tilsig til ein kvar tid.*

Kambo Energi sin kommentar til Vestland Fylkeskommune er gitt att i si heilheit under:



*Tiltakshavar takkar for uttalen, og tek den til etterretning. Når det gjeld friluftsliv er ikkje dette området mykje brukt, og tiltaket får heller ingen store konsekvenser for friluftsliv i området etter endt anleggsperiode. Anleggsområdet er også relativt beskjedent i omfang. UT sin rute til Høylandshovda kjem ikkje i konflikt med dette området, då den følgjer ein annan traktorveg eit stykke vest for tiltaksområdet.*

## **NVE si vurdering**

Ein søknad om utsett byggjefrist inneber ikkje at det blir gjort ei ny samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik det vart gjort i behandlinga av den opphavlege konsesjonssøknaden. I saksbehandlinga skal NVE berre vurdere om det har oppstått nye eller endra forhold sidan konsesjonstidspunktet. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlenga byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil vera om det kan setjast nye vilkår som kan mildna ulempene. Etablert forvaltningspraksis, støtta opp under av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, tilseier likevel at det har vore føresett at det er rimeleg å utvise omsyn ved fristforlengingar.

### Naturmangfald

#### *Kunnskapsgrunnlaget*

Tesdal påpeikar i sitt innspel at det har kome nye raudlister for naturtypar og artar sidan konsesjonen i 2015. NVE bekreftar at reviderte raudlister var ein del av bakgrunnen for at NVE bad om ei ny kartlegging i 2022. Den nye kartlegginga er gjennomført i samsvar med dei nye raudlistene, samt gjeldande kartleggingsinstruks og rettleiar frå Miljødirektoratet. Tesdal hevdar vidare at ingen av bileta i figur 4.4 er tekne i nærleiken av elva. NVE kan verken avkrefte eller bekrefte dette, men vi understrekar at våre vurderingar ikkje baserer seg utelukka på enkeltbileta i naturmangfaldrapporten. Tesdal skriv vidare at raudlista moseartar kan vere oversett sidan det berre vart utført ein dags synfaring av ein person i eit relativt stort område. NVE er klar over at det alltid vil vera ein resterande risiko for fleire førekomstar av avgjerdsrelevante artar enn det som er kjend.

Kunnskapsgrunnlaget for artar og naturtypar er etter NVE si oppfatning, basert på tidlegare og nye synfaringar og utreiingar, godt nok greidd ut med tanke på sakas karakter og risiko, jf. naturmangfaldlova § 8.

#### *Naturbeitemark*

På etterspurnad frå NVE har kartleggjaren som utførte synfaringa i 2021 kommentert kvifor ein naturtype registrert i 2017 er utelate frå vurdering i naturmangfaldsrapporten. Kartleggjaren grunngav dette med at beitemarka har vore utsett for gjødsling, og står fram som sterkt endra i dag. NVE forstår at dette er ein fagleg skjønnsvurdering som kartleggjaren må gjere basert på sine observasjonar i felt. Den oppgitte årsaka er heller ikkje verken uvanleg eller usannsynleg.

Tesdal hevdar i sitt innspel at området ikkje er gjødsla verken før eller etter 2017. NVE kan heller ikkje sjå noko som tilseier at det har skjedd endringar i naturbeitemarka mellom dei to synfaringane, basert på føreliggande flyfoto. Det mest sannsynlege er difor



etter NVE si oppfatning at dei to kartleggjarane har vurdert den same lokaliteten ulikt, høvesvis i 2017 og i 2021.

Ettersom ein av to kartleggjarar har vurdert lokaliteten til å utgjere ein sårbar naturtype, er det NVE si vurdering at føre-var omsyn må leggjast til grunn. Røyrigata må trekkast mot ytterkanten av lokaliteten, og leggjast parallelt med eksisterande veg i størst mogleg grad, for å redusere påverkinga på naturbeitemarka.

### *Ål*

Det var ikkje bekrefta at det var ål i Høylandselva når konsesjonen vart gjeve i 2015. Ål har status som sterkt trua (EN) i den norske raudlista over trua artar. I konsesjonsvedtaket er det likevel lagt til grunn at vandringsveg for eventuell ål og anna fisk skal ivaretakast gjennom eit fiskevennleg inntak av typen Coanda. Sidan har det komme inn eit innspel frå Grethe Tesdal som omhandlar ålevandring heilt opp til vatnet Høylandstosko. Tesdal og Statsforvaltaren skriv i sine innspel at ein åleforskar frå Havforskningsinstituttet støttar at Høylandselva utgjer eit viktig leveområde for den arten. Statsforvaltaren meiner på grunnlag av dei nye opplysningane at det ved en forlenga byggjefrist må stillast klare krav som sikrar opp og nedvandring for ål.

Tiltakshavar meiner på si side at det er usannsynleg at ålen tek seg opp til Høylandstosko fordi vatnet ligger for høgt over havet. Høylandstosko ligg innan 10 km frå kysten på 348 moh. Generelt ligg meir enn 65% av kjende førekomstar av ål innan 10 km frå kysten, og 95% ligg under 300 moh i følgje ein rapport frå 2017<sup>1</sup>.

Med bakgrunn i usemja omkring området si betydning for ål har NVE sjølv kontakta Havforskningsinstituttet. Dei uttalar i e-post til NVE 15.12.2023 at dei i hovudsak har undersøkt Littledalsvatnet, og nokre delar av Sørrelva og Nordelva. I Littledalsvatnet fanga dei ein tettleik av ål som svara til om lag det dobbelte av gjennomsnittet på Vestlandet, høvesvis 9,5 mot 5 ål per ruse per døgn i 2022. Dei fann større ål i innsjøen, og mindre ål i mindre bekker. Dei ville difor forventa mest små ål i Høylandselva. Dei skriv vidare at ein kan forventa at ålførekomsten vil minka over 400 moh. Dei meiner det er sannsynleg med ål i Høylandstosko (348 moh), men at einaste måte å stadfesta vatnet si betydning hadde vore å setja ut ruser til sommaren.

NVE er samd i Statsforvaltaren si vurdering om at det på bakgrunn av dei nye opplysningane må stillast klare krav av omsyn til ål. NVE meiner at inntaket må formast slik at det legg til rette for både opp- og nedvandring av ål.

### *Fossefall*

Statsforvaltaren påpeiker i sitt innspel at det ble observert fossefall under synfaringa for naturmangfald i juni 2006, truleg hekkande, men dette var ikkje eit tema når NVE ga konsesjon i 2015. Observasjonane er ikkje registrert i Artskart, men NVE vurderer det som

---

<sup>1</sup> Fjeldstad, H.-P. (Sintef Energi), Pulg, U. (LFI, UNI Research Miljø), Forseth, T. (NINA), 2018. Sikker toveis fiskevandring forbi vannkraftverk. Kunnskapsoppdatering og mønsterpraksis. SINTEF-Rapport



sannsynleg at arten hekkar langs elva. Tilrettelegging for hekkande fossefall er relativt enkelt og kostnadseffektivt, og har gitt gode resultat ved andre vasskraftutbyggingar. NVE legg derfor til grunn at ein legg til rette for hekkande fossefall ved bygging av kraftverket, for eksempel som hekkehyller eller hekkekasser ved kraftverksutløpet.

#### *Storsalamander*

Ifølgje innspellet frå Tesdal skal det vere sett storsalamander ved utløpet av Høylandstosko. Statsforvaltaren nemner også dette i sitt høyringsinnspel. Observasjonen er ikkje registrert i Artskart, og heller ikkje omtalt i naturmangfaldskartlegginga.

Førekost av storsalamander er ikkje sannsynleg i vatn med store fiskebestandar. Høylandstosko er tidlegare beskrive som overfolka av stasjonær aure. NVE kan heller ikkje sjå at ei utbygging ville påverke ein eventuell førekost, da inntaket er planlagd eit godt stykke nedstraums.

#### *Elvemusling*

Tesdal fortel i sitt innspel om tidlegare funn av elvemusling i nedre del av Høylandselva, som kan vera sårbar for eventuell tørrlegging. Statsforvaltaren skriv i sitt innspel at det bør leggjast til grunn at heile anadrom strekning, inkludert i sideelvar, kan vere leveområde for arten. NVE meiner at tilpassinga av tiltaket og føresetnader gitt i konsesjonsvedtaket for å ivareta anadrom fisk, òg vil ivareta eventuell elvemusling i nedre del av Høylandselva. Den avgrensa utnytting av vassressursen, i kombinasjon med eit Coanda-inntak, vil gi lita hydrologisk endring ved eit eventuelt utfall i kraftverket.

#### *Elvevifte*

Tesdal nemne i sit innspel ei «elvevifte» i midtre del av den råka strekninga. Elvevifte utgjer ei nær trua naturtype på raudlista frå 2018, altså etter konsesjonsvedtaket i 2015. Etter NVE si vurdering er det her snakk om eit forgreina elveløp, som utgjer ein livskraftig elveløpsform på raudlista frå 2018. Elveløpsforma er med andre ord ikkje vurdert som raudlista sidan konsesjonsvedtaket, men bidreg sjølvstilt til variasjon i livsmiljø i og langs elva. Sidan forholda ikkje er endra, er momentet ikkje relevant for byggefristvedtaket.

#### Friluftsliv


Sidan konsesjonsvedtaket vart gjeve i 2015, har Etne kommune kartlagd og verdsett friluftslivsområder i kommunen. Fylkeskommunen påpeikar at vassinntaket og øvre del av vassvegen inngår i utkanten av dei to kartlagde friluftslivsområda Etnefjellet Sørfjellet og Etnefjellet Midtre (Figur 2). Begge områda er vurdert som svært viktige, men dei er store og områdeavgrensinga er følgeleg omtrentleg. Det er fjellområda som utgjer dei sentrale delane av friluftsområde.

I UT.no er det lagt inn eit turforslag til Høylandshovda som følgjer ein traktorveg eit stykke vest for Høylandselva (Figur 3), truleg av betydning som nærturløype. Fylkeskommunen skriv i sitt innspel at det er uvisst om inngrepa i tilknytning til vassinntak og vassveg vil vere synlege frå turløypa eller frå utsiktspunktet på Høylandshovden. Turløypa går ikkje langs med Høylandselva, men parallelt med råka strekning i ein avstand på om lag 200-500 m.




Turløypa går gjennom open og spreidd tresatt beitemark, slik at særleg inngrep tilknytt vassvegen kan vere stadvis synlege. Det er likevel ikkje eit område med urørt preg, og det er allereie terrengsår etter mellom anna fleire traktor- og grusvegar. Mellom synfaring i 2011 og synfaring i 2014 vart det bygd ein veg opp til inntaket. Vegen utgjer eit betydeleg inngrep med høge skjeringar, særleg i øvre del. NVE vurderte i 2015 at legging av røyrgate og veg til Coanda-inntaket ville utgjere mindre inngrep enn vegen som allereie ligg der.

NVE vurderer ikkje dei nye opplysningane om området verdi for friluftsliv til å vere av avgjerande betydning for vurdering av forlenga byggjefrist.



Figur 2. Vassinntaket og øvre del av vassvegen er omfatta av dei to kartlagde friluftslivsområda Etnefjellet Sørfjellet og Etnefjellet Midtre. Begge områda er store og vurdert som svært viktige.



Figur 3. Eit turforslag til Høylandshovda på UT.no (blå) følgjer ein traktorveg vest for Høylandselva.

## Forureining



Statsforvaltaren minner om § 7 i forureiningslova, og legg til grunn at stein- og jordmassar blir handtert i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M-1243. Eventuelt betongavfall skal handterast i tråd med kap. 14 A i avfallsforskrifta. NVE viser til konsesjonen om at tiltakshavar må søkje om naudsynte avklaringar etter forureiningslova.

#### Andre moment

NVE har i dette vedtaket berre diskutert dei forholda som er nye eller endra. Forhold som er teke opp av høyringspartane, men som allereie vart vurdert i 2015, er derfor ikkje diskutert vidare i byggefristvedtaket.

#### **NVE sitt vedtak**

**NVE kan ikkje sjå at det ligg føre ny informasjon som tilseier at søknaden om forlengd byggjefrist for Høyland minikraftverk bør avslåast. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 anna ledd, og vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengd med inntil fem år, til 27.10.2025.**

#### **Merknader**

- Vandringsveg både oppstraums og nedstraums skal ivaretakast for ål. NVE legg til grunn at det blir nytta fiskefagleg kompetanse i detaljplanlegginga og i anleggsfasen, og at det blir dokumentert at tiltaka fungerer som tilsikta.
- Røyrsgata skal leggst mest mogleg langs eksisterande veg, og i ytterkant av avgrensa naturbeitemark så langt det let seg gjera.
- Det skal utformast tiltak som legg til rette for hekkande fossefall. Vi føreset at desse tiltaka blir vurdert som ein del av detaljplanen og at hekkedassene blir satt opp i samråd med biolog som kan rettleie i plassering av kassene.

Vilkåra elles er dei same som i løyvet av 27.10.2015.

NVE minner elles om det må liggja føre gyldig anleggskonsesjon etter energilova, eventuelt avtale med områdekonsesjonær, for bygging, drift og eigarskap av energianlegget. Dersom tidlegare gitt anleggskonsesjon ikkje lenger er gyldig, må de søkja om ny konsesjon for bygging og drift av det elektriske anlegget i god tid før byggjearbeid.

#### **Om klage og klagerett**

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Carsten Stig Jensen  
konsesjonsansvarleg

Brit Torill Haugen  
fagleiar

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*



**Mottakerliste:**

KAMBO ENERGI AS

**Kopimottakerliste:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



## Orientering om rett til å klage

|                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|-------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Frist for å klage                   | Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.                                                             |
| Du kan få grunngjeving for vedtaket | Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| Kva skal med i klagen?              | Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil. |
| Du kan få sjå dokumenta i saka      | Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Vilkår for å gå til domstolane      | Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.                                                                              |
| Sakskostnader                       | Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.                                                                                                                                                                                                                                             |
| Kven kan klage på vedtaket?         | Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| Kvar skal du sende klagen?          | Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.                                                                                                                                                                                                           |

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*